



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Korleis ta omsyn til integrering i kommunal planlegging?

# Innholdsliste

<b>Innleiing</b>	<b>2</b>
<b>Nokre overordna spørsmål</b>	<b>4</b>
<b>Lovgrunnlag</b>	<b>4</b>
<b>Medverknad</b>	<b>6</b>
<b>Demografi</b>	<b>8</b>
<b>Attraktive lokalsamfunn</b>	<b>10</b>
<b>Folkehelse og livsmeistring</b>	<b>12</b>
<b>Levevilkår</b>	<b>15</b>
<b>Sysseisseting</b>	<b>17</b>
<b>Grunnskole og barnehagetilbodet</b>	<b>19</b>
<b>Kultur og frivilligheit samfunnsdeltaking</b>	<b>20</b>
<b>Indikatorar</b>	<b>22</b>

# Innleiing

Med dette dokumentet ønsker fylkeskommunen, som fekk nye oppgåver og auka ansvar på integreringsfeltet i samband med regionreforma og ny integreringslov i 2020, bidra til at det skal bli lettare for kommunane å inkludere innvandrarbefolkninga i kommuneplanane, temaplanar, handlingsplanar og kunnskapsgrunnlag. Vi gir råd om korleis omsynet til integrering kan takast i vare på samfunnsområde som er særleg relevante.

Kommuneplanlegginga følgjer same fireårshjulet som kommunestyreperiodane, og alle kommunar held no på å førebu sin kommunale planstrategi, som er ei lovpålagt oppgåve. I planstrategien skal kommunane gå gjennom utviklingstrekk som vil påverke kommunesamfunnet og kommunen sine oppgåver framover, og prioritere kva planar kommunen skal ha for å følgje opp desse.

Ved inngangen til 2022 var det i Møre og Romsdal 31 245 innvandrarak. Det er 13,6 prosent av befolkninga, i kommunane varierer det mellom 5,6 % og 20,5 %. Det er arbeidsinnvandrarak, flyktningar, familiegjenforeinte og studentar. Kommunane gjer ein stor innsats for å busette flyktningane. I tillegg er det mange arbeidsinnvandrarak i fleire kommunar.

Det er mykje som er viktig for god integrering, mellom anna; kvalifisering, arbeid, språkkunnskap, barnehage, skole, butilhøve, helse og samfunnsdeltaking. Dette er av betydning for kommunane sine planar.

Vi fekk ny integreringslov i 2021. Formålet med lova er at innvandrarak tidleg skal integrerast i det norske samfunnet og bli økonomisk sjølvstendige. Lova skal bidra til at innvandrarak får god norskkunnskap, kunnskap om norsk samfunnsliv, formelle kvalifikasjonar og ei varig tilknytning til arbeidslivet.

Integrering, inkludering og mangfald er område som går på tvers av sektorar og fagområde og er dermed ein del av mange planar som kommunane har.

Det er ønskeleg å ha eit sosialt berekraftig samfunn prega av alt frå god helse og livskvalitet, til lik tilgang til ressursar og gode, utdanning og jobb. Det handlar om å sikre at menneskerettane er ivaretatt og at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for et anstendig liv.

Kommunane er ulike, så kommunane vil vekte områda ulikt.

Dokumentet tar for seg lovgrunnlag, krav til medverknad og plantema der integrering er viktig å ha med i kunnskapsgrunnlag og målformuleringar.

Under kvart tema er det sett opp aktuelle berekraftsmål, nyttige lenker og statistikk til meir informasjon og kven som har ansvar for området i fylkeskommunen. Det er også ført opp kva berekraftsmål som er relevante for kvart tema, sidan dei fleste kommunane no strukturerer planane sine etter FN sine berekraftsmål.

Dette er berre råd, og er ikkje fullstendig for området.

### **Aktuelle berekraftsmål;**

17 Samarbeid for å nå måla

# Nokre overordna spørsmål

I arbeidet med kommuneplanen, vil spørsmåla under kunne gi eit godt utgangspunkt for prosessen og bidra til å avdekke kvar det er behov for å gjere ein innsats.

- Har kommunen eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om innvandrarane sin situasjon?
- Er integrering ein del av den heilskaplege kommunale planlegginga?
- Involverer kommunen innvandrarar og innvandrarorganisasjonar i medverknadsprosessen for kommunal planlegging og utforming av tenestetilbod?

## Lovgrunnlag

Det er ei rekkje lover, handlingsplanar og forventningar som er av betydning for utarbeiding av kommunane sin kommuneplan. Aller viktigast er plan og bygningsloven (pbl), den legg premiss for både prosess og innhald i kommunale planar.

Kommuneplanen er kommunens overordna styringsdokument. Denne skal sikre ei heilskapleg utvikling som bygg på kommunen sine ressursmessige føresetnadar og sørgje for samordning, samarbeid og medverknad.

Kommuneplanen skal ivareta kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen. Kommuneplanens samfunnsdel skal vere grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen.

Kommuneplanen sin handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver og konkretiserer tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer.

Kommunane skal sørge for at medverking er gjennomført i alle planar. Kommunane skal sikre aktiv medverking frå dei samfunnsgrupper som ikkje så lett lar seg inkludere i medverkinga.

## **Aktuelle berekraftsmål;**

17 Samarbeid for å nå måla

## **Nyttige lenker;**

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

Informasjon om planlegging etter plan og bygningsloven

Podkast om sosial bærekraft i samfunnsplanleggingen (KS)

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023

Taushetsplikt, opplysningsrett og opplysningsplikt i forvaltningen – en veileder

– regjeringen.no Veileder om barn og unge i plan og byggesak

FNs berekraftsmål

Prop.89 L (2019–2020) Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova) 2021

Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova) 2021

Forskrift til integreringsloven (integreringsforskriften) 2021

Regionale planar Fylkesplan 2021–2024

## Ansvar i fylkeskommunen

Stab for strategi og styring, seksjon for plan:

Anders Smith-Øvland, anders.smith-ovland@mrfylke.no, tlf. 71 28 02 41

Synnøve Valle, synnove.valle@mrfylke.no, tlf. 71 28 02 39

Björn Gregull, bjorn.gregull@mrfylke.no, tlf: 71 28 02 42 /481 28 172

Ingunn Bekken Sjøholm, ingunn.bekken.sjaholm@mrfylke.no,

tlf: 71 28 02 46 /907 46 923

## Medverknad

Lokaldemokratiet blir styrka og utvikla gjennom brei medverking og dialog i planprosessar. I plan- og bygningsloven blir medverking forstått som enkeltpersonar og grupper sin rett til å kunne delta i, og påverke offentlege utgreiings- og avgjerdsprosessar.

For å lage gode planar for kommunen, er det viktig at innbyggjarane blir involverte og får medverke. Vi kan nå innvandrare ved å bruke mellom anna desse gruppene og aktørane;

- Innvandrorganisasjonar
- Trussamfunn
- Frivillige organisasjonar
- Deltakarar i vaksenopplæringa
- Deltakare i introduksjonsprogrammet
- Tilsette i vaksenopplæringa
- Tilsette i flyktingtenesta
- Relevante tenester i kommunen
- NAV-kontoret
  
- Andre

Det er også viktig at heile kommuneorganisasjonen blir tatt med i utarbeiding av kunnskapsgrunnlag og planstrategi.

### **Aktuelle berekraftsmål**

- 10 Mindre ulikskap
- 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn
- 16 Fred, rettferd og velfungerande institusjonar
- 17 Samarbeid for å nå måla

### **Nyttige lenker**

- Veileder om planleggng etter plan og bygningsloven, KMD
- Nettside om innbyggermedvirkning, KS
- Nettside om medvirkning, Doga
- Ny veileder for offentlig informasjon IMDi

### **Ansvar i fylkeskommunen**

#### **Stab for strategi og styring, seksjon for plan:**

Stab for strategi og styring, seksjon for plan:

Synnøve Valle, synnove.valle@mrfylke.no, tlf. 71 28 02 39/911 83 866

Björn Gregull, bjorn.gregull@mrfylke.no, tlf: 71 28 02 42 /481 28 172

Ingunn Bekken Sjøholm, ingunn.bekken.sjaholm@mrfylke.no,

tlf: 71 28 02 46 /907 46 923

# Demografi

Innvandrarar er ei mangfaldig gruppe med ulik landbakgrunn, alder, kompetanse, innvandringsbakgrunn og tid budd i Noreg. Eit godt kunnskapsgrunnlag er viktig for å lage gode planar. Har kommunen nok kunnskap om innvandrarbefolkning si?

Aktuelle statistikkar kan vere;

- Talet på innvandrar
- Alders- og kjønnsfordelinga på innvandrarane
- Landbakgrunn
- Utdanning blant innvandrar
- Arbeidsdeltaking blant innvandrar
- Medianinntekt for innvandrarar
- Levekår, familiar med vedvarande låg inntekt

## **Aktuelle berekraftsmål**

11 Berekraftige byar og lokalsamfunn

17 Samarbeid for å nå måla

## Nyttige lenker

09817: Kommune- og fylkestall for innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, etter landbakgrunn og andel av befolkningen (K) 2010 - 2022. Statistikkbanken (ssb.no)

IMDI sine statistikker på kommunenivå

Folkehelseundersøkinga 2021 Folkehelseinstituttet sin folkehelseprofil for kommunane

Det handler om Norge – Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene NOU 2020: 15

SSB

Fylkesstatistikken

Innvandrerne flytter mer på seg enn andre, rapport frå Oslo Met (2022)

## Ansvar i fylkeskommunen

Kulturavdelinga, seksjon folkehelse, idrett og friluftsliv

Stab for strategi og styring, seksjon for plan:

Paul Magne Eidhammer, paul.eidhammer@mrfylke.no, tlf 71 28 02 96

# Attraktive lokalsamfunn

Planlegging har stor betydning for korleis integrering fungerer i praksis. Organisering av bustadmassen må skje på ein måte som gjer at nye grupper, som til dømes flyktningar, blir busett og naturleg integrert. I Noreg har vi i hovudsak privat bustadplanlegging og bustadbygging, med kommunen som lokal planmynde. Etter dereguleringa av bustadpolitikken på 80-tallet er denne sektoren i praksis oppstykkka i private enkeltprosjekt. Utforminga av desse enkeltprosjekta og funksjonen dei har i den store samanhengen er av betydning for om desse enkeltvis eller samla bidreg til ei god integrering. Kommunen si overordna planlegging er eit verkemiddel.

I nasjonal strategi for den bustadsosiale politikken, er sosial berekraft eit premiss i bustadplanlegginga.

Kommunen skal leggje til rette for folk som vil busette seg i kommunen gjennom å ha gode og nære barnehagar, skolar og tilgjengelege bustader. Det må gjennomførast bevist busetting av flyktningane for å nå disse måla.

Naturen, turmoglegheiter, fritidsaktivitetar, offentlege møteplassar og fellesskapet er kvalitetar som ofte blir trekt fram om kva som gjer at folk trivst i lokalmiljøet sitt.

- Legg kommunen sosial berekraft til grunn i bustadbygging og utvikling?
- Kva skal til for at innvandrarar skal trivast i sitt lokalmiljø?
- Blir innvandrarperspektivet ivaretatt i planleggingsarbeidet?
- Kva er behovet for kollektivtransport i denne gruppa?
- Er tilgangen på naturen, turmoglegheiter, fritidsaktivitetar m.m. tilrettelagt for denne gruppa?
- Nyttar kommunen Husbanken sine tilbod?

## **Aktuelle berekraftsmål**

3 God helse og livskvalitet

4 God utdanning

10 Mindre ulikskap | Berekraftige byar og lokalsamfunn

17 Samarbeid for å nå måla

## **Nyttige lenker**

Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken (2021 – 2024)

Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

Berekraftige byar og sterke distrikt Meld. St. 18 (2016–2017)

Oppvekststedets betydning for barn og unge, AFI rapport 2017:2

Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023–2026

## **Ansvar i fylkeskommunen**

Kulturavdelinga, seksjon folkehelse, idrett og friluftsliv

Stab for strategi og styring, seksjon for plan:

Gry Halvorsen, gry.halvorsen@mrfylke.no, tlf 71 28 02 65

Samferdselsavdelinga

# Folkehelse og livsmeistring

Planar bør bidra til å førebyggje sosiale ulikheiter, styrke livskvaliteten og deltakingen blant innvandrarak. Det er store forskjellar i helse mellom ulike grupper i innvandrarakbefolkninga. Opphavslak, innvandringsårsak og tid budd i Noreg har stor betydning for helsa.

Folkehelsearbeid er samfunnet sin totale innsats for å oppretthalde, betre og fremje alle innbyggjarane si helse, ved å fjerne eller redusere faktarak som fører til sjukdom eller styrke faktarak og aktivitetar som fører til god helse. Oppvekst, barnehage, skule, SFO, butilhøve, fritid, kultur- og næringsliv, arbeidsliv, frivillig sektor påverkar folkehelsa.

Kommunane har ei viktig rolle i å førebyggje, avdekkje og hindre vald og overgrep. Kommunane skal også følgje opp og behandle både personar som er utsette for vald og personar som utøver vald.

I planlegginga av produkt, omgjevnader og tenester er universell utforming viktig, slik at dei kan nyttast av innvandrarak, på ein likeverdig måte. Særleg viktig er tilgjenge til utdanning, arbeid, kultur og offentlege rom. Tiltak som fremjar mangfald og integrering er òg ein viktig del av folkehelsearbeidet.

Gjennom samarbeid og samskaping kan kommunen leggje til rette for brei deltaking, sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn.

Alle kommunane har samarbeidsavtale med fylkeskommunen om tannhelse.

Kvalitet i flyktingtenesta og vaksenopplæring er av stor betydning.

- Er det spesielle omsyn som må takast i forhold til innvandrarbefolkninga?
- Er innvandrarbefolkninga integrert og inkludert?
- Psykisk og fysisk helse?
- Har kommunen planar som tar opp negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting?
- Har kommunen planar som tar opp korleis førebyggje diskriminering?
- Har kommunen planar som tar opp korleis førebyggje rasisme?
- Korleis nyttar ein innvandrarane sine ressursar?
- Nyttar ein tolk i medhald av tolkelova?
- Har flyktingtenesta og vaksenopplæringa dei rette ressursane for å drive god opplæring og integrering?

### **Aktuelle berekraftsmål**

- 1 Utrydde fattigdom
- 3 God helse og livskvalitet
- 4 God utdanning
- 5 Likestilling mellom kjønna
- 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst
- 10 Mindre ulikskap
- 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn
- 17 Samarbeid for å nå måla

## **Ansvar i fylkeskommunen**

Kulturavdelinga, seksjon folkehelse, idrett og friluftsliv

Tannhelse

Stab for strategi og styring, seksjon for plan:

Paul Magne Eidhammer, paul.eidhammer@mrfylke.no, tlf 71 28 02 96

## **Nyttige lenker**

Regjeringens handlingsplan mot rasisme og diskriminering på grunn av etnisitet og religion 2020–2023

Konsekvenser av rasisme og diskriminering for deltakelse i sivilsamfunnet En kunnskapsoversikt, NIFU rapport 2022:27

Folkehelseundersøkinga 2021

Likeverdsreformen. Et samfunn med bruk for alle. Meld.ST. 25 (2020–2021)

Er innvandrere utsatt for ensomhet og sosial eksklusjon? SSB 2021

Innvandrere og brukermedvirkning i helse- og omsorgstjenestene, Helse- og omsorgsdepartementet 2020

Lov om folkehelsearbeid

Lov om likestilling og forbud mot diskriminering

Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre Meld. St. 15 (2017–2018)

Lov om offentlige organers ansvar for bruk av tolk mv. (tolkeloven)

# Levevilkår

Barn i hushald med vedvarande låginntekt aukar, og denne gruppa har auka risiko for å felle ut av skole og arbeidsliv. Til fleire ressursar ein familie har tilgjengeleg, til betre fysisk og psykisk helse kan barnet forvente å ha gjennom livsløpet. Barnefattigdom er moglegheitsfattigdom, tiltak for å redusere sosiale skilnader er derfor viktige. Ein stor del av innvandrarbefolkninga har lågare levestandard enn gjennomsnittet.

Butilhøva er viktig for folkehelsa og gode levevilkår. Dårlege butilhøve kan føre til helseproblem, svake skolerresultat og låg tilknytning til arbeidslivet.

- Kva er status for innvandrarfamiliar/familiar med vedvarande låg inntekt?
- Har de tiltak for sosial utjamning/utjamning av levekårsforskjeller?
- Nyttar kommunen Husbankens tilbod godt?
- Kva er kommunen sin bustadsosiale status?
- Har kommunen ein variasjon av type bustadar og stadar som tek i vare behov med omsyn til alder, talet på barn, hjelpebehov, fysiske og psykiske forutsetningar, i tillegg til økonomiske føresetnadar?
- Tilgang til kollektivtilbod frå buplass?
- Blir eldre innvandrara ivaretatt?

## Aktuelle berekraftsmål

- 1 Utrydde fattigdom
- 3 God helse og livskvalitet
- 4 God utdanning
- 5 Likestilling mellom kjønna
- 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst
- 10 Mindre ulikskap
- 17 Samarbeid for å nå måla

## Nyttige lenker

Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier – Helsedirektoratet  
Folkehelsemeldinga – Nasjonalstrategi for utjamning av sosial eforskjeller, Meld ST.15 (2022-2023)

Opphopning av levekårsproblemer blant innvandrere, IMDi

Eldre innvandrere i Norge Demografi, boforhold, inntekt, formue og helse, SSB 2022

Alle trenger et trygt hjem, Nasjonalstrategi for den sosiale boligpolitikken (2021-2024)

Husbanken

Andelen innvandrere i husholdninger med vedvarende lavinntekt, etter landgruppe (IMDi) sjekk

Andel innvandrere i husholdninger med vedvarende lavinntekt, etter landgruppe (Bufdir) sjekk

Like muligheter i oppveksten. Regjeringens samarbeidsstrategi for barn og ungdom i lavinnteksfamilier (2020-2023)

Lov om sosiale tjenester i NAV

## Ansvar i fylkeskommunen

Kulturavdelinga, seksjon folkehelse, idrett og friluftsliv

Samferdselsavdelinga

Stab for strategi og styring, seksjon for plan:

Paul Magne Eidhammer, paul.eidhammer@mrfylke.no, tlf 71 28 02 96

# Syssetting

Innvandrarar er overrepresenterte blant dei som står utanfor arbeid og utdanning, og utgjer nesten halvparten av alle registrerte ledige eller arbeidssøkande på tiltak hos arbeids- og velferdsetaten. Innvandrarar utgjer om lag ein tredel av arbeidskraftreserven i Noreg. Mange innvandrarar har låg utdanning, men det er også ein god del innvandrar utanfor arbeid og utdanning som har høg utdanning. Det er eit nasjonalt ønske om at fleire skal ta del i arbeidslivet. Arbeidsinnvandrarar har høgare syssetting enn flyktningar. Kvinner med innvandrarbakgrunn har lågare syssettingsgrad enn menn med same bakgrunn.

- Gir kommunen som organisasjon flyktningar arbeidspraksis, språkpraksis eller fast arbeid?
- Har kommunen politisk vedtak om å satse ekstra på syssetting av innvandrarar?
- Samarbeid med NAV-kontoret?

## Aktuelle berekraftsmål

- 1 Utrydde fattigdom
- 3 God helse og livskvalitet
- 4 God utdanning
- 5 Likestilling mellom kjønna
- 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst
- 10 Mindre ulikskap
- 17 Samarbeid for å nå måla

## Nyttige lenker

Sysselsettingsgrad i befolkningen for øvrig og innvandrere

Sysselsetting etter landbakgrunn  
Andelen innvandrere i husholdninger med vedvarende lavinntekt, etter landgruppe (IMDi)

Andel innvandrere i husholdninger med vedvarende lavinntekt, etter landgruppe (Bufdir)

Medianinntekt etter landbakgrunn (IMDi)  
Mellom mobilitet og migrasjon –

Arbeidsinnvandreres integrering i norsk arbeids- og samfunnsliv, NOU 2022:18

Hvor mange innvandrere er overkvalifisert? SSB 2022

Utsyn over kompetansebehovet i Norge, Meld. St. 14 (2022–2023)

Mellom mobilitet og migrasjon, Arbeidsinnvandreres integrering i norsk arbeids- og samfunnsliv. NOU2022:18

## Ansvar i fylkeskommunen

Kompetanse- og næringsavdelinga,

Stab for strategi og styring, seksjon for plan

# Grunnskole og barnehagetilbodet

Innvandrar har i snitt lågare utdanningsnivå enn den resterande befolkninga.

Over halvparten av flyktningane har lite eller ingen utdanning.

Grunnskole, SFO og barnehagetilbodet viktige arenaer for læring, for å etablere sosiale relasjonar og for utvikling av sjølvkjensle og sjølvtilitt. Barn og unge må få tidleg og tilstrekkeleg språkopplæring for å kunne meistre skole og fritid.

- Er skoletilbodet tilrettelagt dei behova barna har?
- Er barnehagetilbodet tilrettelagt dei behova barna har?
- Overgangar er kritiske fasar for mange, er dei ivaretatt?

## Aktuelle berekraftsmål

1 Utrydde fattigdom

3 God helse og livskvalitet

4 God utdanning

10 Mindre ulikskap

17 Samarbeid for å nå måla

## Nyttige lenker

Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier –

Helsedirektoratet/Veileder: Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier ([statsforvalteren.no](https://statsforvalteren.no))

Hvor stor andel av innvandrarar går ut av grunnskolen med IV-vitnemål (ikke vurdert)?

### **Ansvar i fylkeskommunen:**

Kompetanse- og næringsavdelinga,  
Stab for strategi og styring, seksjon for plan

## **Kultur og frivilligheit samfunnsdeltaking**

Personar med innvandrarbakgrunn deltar i mindre grad i frivillige aktivitetar enn den resterande delen av befolkninga, og spesielt er dei mindre representert i styre og verv, frivillige oppgåver som instruktørar etc. Samtidig er personar med innvandrarbakgrunn mykje meir aktive i sine trussamfunn enn den resterande delen av befolkning. Det er eit mangfald av lag og organisasjonar og frivillige som på ulike måtar er viktige drivkrefter for å skape trivsel, bulyst og levande lokalsamfunn i kommunane.

Frivilligheit skaper engasjement, fellesskap, inkludering og kulturell og demokratisk innsikt. Uformelle møteplassar og arenaer for leik, aktivitet og friluftsliv bidreg til auka fysisk aktivitet, kontakt mellom folk og meistringsopplevingar uavhengig av sosial tilhørslse og alder.

Innvandrar er underrepresentert i politikken og valdeltakinga er lågare blant innvandrar.

- Har kommunen ein frivilligheitspolitikk som inkluderer innvandrarar?
- Korleis nyttar ein innvandrarane sine ressursar?
- Korleis informerar de om kulturtilbod til denne gruppa?
- Nyttar innvandrarar folkebibliotek og kino?
- Har kommunen insitament for frivillige organisasjonar til å inkludere innvandrarar?
- Finnes det ein forpliktande avtale mellom kommunen sitt introduksjonsprogram/vaksenopplæring og frivilligheita i kommunen?
- Kva gjer kommunen for å auke valdeltakinga?

## Aktuelle berekraftsmål

- 3 God helse og livskvalitet
- 5 Likestilling mellom kjønn
- 10 Mindre ulikskap
- 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn
- 17 Samarbeid for å nå måla

## Nyttige lenker

- Hva vet vi om mangfold og inkludering i idretten? NIF sjekk
- Frivillighet, politisk deltakelse og tillit, levekårsundersøkelsen (ssb.no) 2022
- Innvandrerens deltagelse i sivilsamfunnet, IMDi
- Mellom mobilitet og migrasjon, Arbeidsinnvandreres integrering i norsk arbeids- og samfunnsliv, NOU 2022:18
- Fortidsminneforeningen
- Fleire innvandrere deltar i friluftsliv, SSB
- Sjekkliste for mangfold i foreningen, Norsk friluftsliv 2021
- Allemed
- Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 - Rom for demokrati og danning
- Lov om friluftsliv
- Lov om kulturminner
- Lov om folkebibliotek Regional delplan for kulturminne
- Regional delplan for museum
- Fagplan bibliotek

## **Ansvar i fylkeskommunen**

Kulturavdelinga, seksjon folkehelse, idrett og friluftsliv

Stab for strategi og styring, seksjon for plan

# Indikatorar

Nokre kommunar bruker indikatorar for å sjå om utviklinga går i ønskt retning. Innvandrar kjem i en del samanhengar dårlegare ut enn resten av befolkninga.

Aktuelle indikatorar;

- Medianinntekt hos innvandrar
- Butilhøve
- Låginntektsfamiliar
- Langtidsmottakarar sosialhjelp
- Sosialhjelpsmottakarar med barn
- Elevar med særskilt norskopplæring
- Innvandrarar i arbeid
- Andre

## **Ansvar i fylkeskommunen**

Stab for strategi og styring, seksjon for plan:



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)